



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandler, innvalgstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Høring av søknad om tillatelse etter forurensningsloven for rehabilitering av Bjølsegrøvatn dam i Kvam herad for Statkraft Energi

Statkraft Energi skal rehabilitere dammen i Bjølsegrøvatnet som er inntaksmagasin til Bjølvo kraftverk og ligg 870 meter over havet. Dammen stettar ikkje krava som følgjer av forskrift om damtryggleik.

Statkraft Energi planlegg å erstatte eksisterande hovud- og sperredam ved reguleringsmagasinet med ein ny betongdam på nedstraums side. Dammen er bygd i 1936.

Dammen har ikkje vegtilkomst og Statkraft skal byggje ny veg og tunnel fram til dam, nytt båtutsett og ny driftshytte. Vegen startar der Damvegen, som allereie er bygd, stoggar. Frå enden av Damvegen er det planlagt ein veg i dagen (søndre veg) på 105 meter, deretter ein 2350 meter lang tunnel (tunnel 1) etter følgd av ei ny 320 meter lang veg i dagen (nordre veg) fram til dammen. Frå nordre veg er det planlagt ein om lag 35 meter lang veg i dagen i nordaustleg retning som går vidare i ein 120 meter lang tunnel (tunnel 2) fram til nytt båtutsett og ny driftshytte. Driving av tunellane medfører overskot av massar som er planlagt lagra permanent i nedre del av anleggsområdet.

Total drivetid for dei to tunnelane er estimert til 50 veker.

Norconsult har i vedlagte søknad risikovurdert anleggsarbeida ut frå fare for forureining og negativ påverknad og har føreslått avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld avrenning/utslepp frå tunneldrift, byggeproper og permanent lager for overskotsmassar frå tunnelane (massedeponi).

Hovudtiltaka er:

Etablering av reinseanlegg med utsleppsgrenser for reinsing av tunnelvatnet

Etablering av avskjerande grøfter og sedimentasjonsbasseng nedstraums massedeponiet.

Detaljplan for miljø og landskap blei godkjent av NVE i vedtak datert 29. juli 2024.

Ber om eventuelle uttaler innan 23. september 2024

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 23. september 2024. Uttaler kan sendes til fmvlp@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2024/9236.



Søknaden, NVE dokumenta og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med hilsen

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Søknadsdokument

Kopi til:

Statkraft Energi ved Simonsen

Mottakerliste:

Mattilsynet

Postboks 383 2381 BRUMUNDDAL

Vestland fylkeskommune

**Postboks 5020 BERGEN
7900**

Ytre Ålvik Skogsveglag

**Hyttestyret for damhytta v/ Nils Eivind
Stranden**

Kvam herad

**Grovagjelet 5600 NORHEIMSUND
16**